

---

**Fra:** May-Cecilie Ulsmog <maycecilieulsmog@gmail.com>  
**Sendt:** 1. mars 2016 21:47  
**Til:** Postmottak Radøy; Jon Askeland; Jo Tømmerbakke; MCU@statoil.com; ojenur@gmail.com  
**Emne:** Barnehagen på Bø

Hei.

Eg vil med dette komme med ei sterk oppmading om og flytta barnehagen på Bø vekk frå no verande plassering ved nybygg, det er eit sterkt ønske i bygda om dette av ulike grunnar.

Som forelder til ei gutt i Hordabøbarnehage ser eg mange utfordringar med og forsette med barnehagen der den er i dag.

1 Uteområdet er totalt oppbrukt, der fins det bland anna vassdammar, store "sår" mange stadar i grunnen. Denne bør også reknast totalrenovering på, dette går på sikkerhet og krev øyeblikkelig handling. Uavhengig av ein evnt ny bhg.

2 problematisk med anleggsfasen og born/trafikk og tryggleik. Ser gjerne at me mottar ei risikoanalyse ifb med det. Og oppdaterte risikoanalyser underveis.

3 Ustabile naboforhold (Hordabøheimen), kva info er det mulig og gje om framtida til bygget Hordabøheimen. Kva føringar kan kommunen legge på Radøybemannning?

4 Hordabøskule er allerede i dag for liten, kan skulen nytta bygningsmassen som i dag er barnehage?

5 Har dei tilsette fått komma med ei innstilling?

6 Har foreldra fått komma med ei innstilling? FAU? Ingen info send ut i allskriv el.

7 Når er fristen for den endelege avgjeringa ifb med plassering?

8 Kva med og senda ut informasjon? Syns generelt Radøy kommune har eit stort forbetingspotensiale der, kva med informasjon på førehand i staden for brannslukking?

9 Vil også etterlysa ein kostnadsvurdering på nybygg på eksisterande grunn til sammenlikning med feks eit nybygg på ved gamle Hauglandskule, eller Hordabø Idrettspark eller andre eigna områder i Bø sokna.

Eg set pris på snarlig svar, om ikke alle spørsmål kan svarast på så set eg i allefall pris på og veta at mailen er mottatt og lest. Gjerne av nokon som kan påvirke framtida for Hordabøbarnehage.

På forhånd takk, håpar og vonar på eit informativt og godt samarbeid vidare.

Mvh May-Cecilie